

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 188/2024

2024/EØS/92/07

av 23. september 2024

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/980 av 2. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til kattar (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A)⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/997 av 3. april 2024 om godkjenning av L-valin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 18932 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegnar om fôrvarer. Føresegnar om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel II, etter nr. 569 (Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/824), skal nye nummer lyde:

- ”570. **32024 R 0980:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/980 av 2. april 2024 om godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til kattar (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A) (EUT L, 2024/980, 3.4.2024).
571. **32024 R 0997:** Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2024/997 av 3. april 2024 om godkjenning av L-valin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* CGMCC 18932 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L, 2024/997, 4.4.2024).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2024/980 og (EU) 2024/997 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 24. september 2024, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L, 2024/980, 3.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/980/oj.

⁽²⁾ TEU L, 2024/997, 4.4.2024, ELI: http://data.europa.eu/eli/reg_impl/2024/997/oj.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfërda i Brussel 23. september 2024.

For EØS-komiteen

Anders H. Eide

Formann